



Møtereferat

Referat frå FAU-møte 18.09.25

Mottakarar:

Grete Dahle Thorsen, Silje Nerland, Thor Morten Midbrød, Linn Hartvedt, Ina Eik, Astri Stangeland, Lise Birkeland, Kristin Helgesen Nese, Magne Carlos Borsheim Lothe

Møtenummer	1 2025-26
Møtedato	18.09.25
Tidspunkt	19.00-20.45
Stad	Rosseland skule
Til stades	Alle (Forfall frå Hilde Tønnessen Jakobsen, utgåande medlem)

Sak 1 25-26 Informasjon om arbeidet i FAU (Foreldra sitt Arbeids-Utval) v/rektor og leiar 2024-25 Magne C. B. Lothe

På det første møtet i året møter både nye og gamle FAU, slik at det blir ei best mogleg overlevering frå år til år.

Rektor starta med å ønskja velkommen, og me tok ein rask presentasjonsrunde.

Nettsida til FUG blei vist, og ein liten filmsnutt om det å vera FAU-representant.

Leiar 2024-25 Magne B. Lothe, fortalde litt om FAU- arbeidet, og kva saker som blir diskutert i FAU.

Faste saker er refleks-aksjon i november, organisering av 17.mai (men 6.trinn har hovudansvar for gjennomføringa. Dessutan kjem det opp saker om trafikkisikkerheit, og ulike innspel frå trinna.)

Fint om de ber kontaktlæraren om å få namn og mailadresse fast på vekeplanen, slik at foreldra veit kven dei skal ta kontakt med. Rektor supplerte, og nemde mellom anna ulike kommunale høyringar som kjem til FAU og SU med jamne mellomrom. Han presiserte og at FAU er foreldra sitt organ, der han møter. Om FAU vil diskutera saker der dei ønskjer at rektor ikkje er til stede, er det sjølv sagt heilt greit. FAU skal ikkje brukast til å ta opp enkeltsaker frå foreldre, men saker som angår heile klassen, trinnet eller heile skulen

Sak 2 25-26 Orientering om økonomien v/Kristin Helgesen Nese

FAU sin store inntektskilde er 17.mai arrangementet kvart år. FAU bidreg tilbake til elevane med å betala årsavgifta for TL-programmet (ca 20 000) og tilskot på 150 pr.elev til avslutningsfesten på



7.trinn. For 2025-26 vil det utgjera 12 000. Dessutan bidreg FAU til å leiga inn føredragshaldarar til felles foreldremøte med td Barnevakten.no annakvart år.

FAU har oppretta Vipps-konto. For at denne skal kunne vera gyldig, må FAU kvart år fungera som eit styre, og data på kvar enekelt medlem må sendast til Brønnøysundregisteret. Det må skrivast ein protokoll for dette. Denne blir vedlagt. Protokollen må signerast på neste møte.

Sak 3 25-26 Konstituering; val av leiar, nestleiar, sekretær og kasserar

Leiar: Astri Stangeland, nestleiar: Ina Eik, sekretær: Linn Hartvedt, kasserar: Thor Morten Midbrød

Sak 4 25-26 Val av representantar til samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU) og kommunalt foreldreutval (KFU)

SU: Astri Stangeland, Ina Eik Vara: Silje Nerland, Lise Birkeland

SMU: Astri Stangeland, Ina Eik, Silje Nerland, Lise Birkeland Vara: Grete Dale Thorsen

KFU: Ina Eik Vara: Astri Stangeland

Kommunal 17.maikomiteé:

Det skal veljast 1 representant til dette. Det bør vera ein frå FAU, eller ein foreldrer frå 6.trinn - sidan det er dei som har ansvaret for gjennomføring av 17.mai-arrangementet på skulen. Sidan FAU-leiaren sit for 6.trinn, og har mange verv, ønskjer FAU å finna ein annan representant blant foreldra på trinnet.

Sak 5 25-26 Høyring på forslag til kommunale forskrifter

Det var sendt ut "Høyring lokale forskrifter om permisjon frå skulen, SFO og hovudmål ved den enkelte skule" frå Oppvekstavdelinga i kommunen. Høyringsfristen er 25.september - og sidan SU ikkje er etablert endå, fungerte FAU som høyringsorgan.

FAU gjekk gjennom dei 3 forslaga til nye kommunale forskrifter, og hadde få merknader. Innspela er gitt i eige høyringsnotat som er vedlagt.

Sak 6 25-26 Kort om oppstarten av skuleåret v/rektor

Rektor orienterte kort om oppstarten av skuleåret, som har vore bra. Akkurat denne dagen blei det litt hektisk då rektor sende ut melding til foreldra om at ein elev hadde blitt skada då forhjulet fall av sykkelen etter sabotasje. Dette førte i sin tur til medieomtale i Stavanger Aftenblad, Jærbladet, NRK Rogaland, Dagbladet og Aftenposten. Ei viktig sak å få fram, då dette kan vera livsfarleg. Det har kome nokre tilbakemeldingar frå foreldre som oppdaga at framhjulet på sykkelen til barnet deira var laust. Gode tips for å unngå dette er å festa stramehendelen med strips, eller byta ut heile bolten



med ein type som må skruvast med umbraco-nøkkel

Sak 7 25-26 Eventuelt

- Smarttelefonfri barndom. <https://www.smarttelefonfribarndom.no/> Det er kome fleire henvendingar frå foreldre om at dei ønskjer at skulen blir med på dette. Det blei òg spelt inn til FAU på tampen av forrige skuleår, men då rakk ikkje FAU å behandla saka. FAU støttar fullt ut at skulen deltek på dette, og ønskjer å skyva ut så langt som mogleg kva tid eit barn får smarttelefon. Derfor må me byrja nedanfrå i trinna, med å få alle foreldre med på dette. Målet er at ingen barn i barneskulen skal ha smarttelefon
- Innspel til SFO. Det må vera vaksne på fotballbanen når barna er der. Er dette praksis? Rektor tek dette opp med personalet på SFO
- Ønskje om overbygg over inngangane slik at barna slepp å bli klissblaute når dei stiller opp. Rektor ser på dette som lite realistisk i den økonomiske situasjonen kommunen er i, men spelar det inn i budsjettdebatten
- Gratis måltid på skulen. Er dette aktuelt i Time kommune? Det blei vist til døme på dette i Hå. Me veit at det blir laga til skulemåltid på enkelte skular i Hå, men me trur ikkje dette er gratis. Rektor svarer at dette ikkje vore diskutert i Time kommune, og at det neppe vil bli prioritert med det første.

Neste møte: Torsdag 02.10 kl 19.00

I forkant vil de òg få ei melding om samtykke i Visma Flyt Skule om kva kontakinformasjon om deg som kan liggja ute på heimesida vår. Det mest vanlege er namn, mailadresse og telefonnummer. Om du ikkje ønskjer at mailadresse og/eller telefonnummer skal liggja der, gir du ikkje samtykke til dette.

Geir Soma

Rektor/Virksomhetsleder

Vedlegg:

Kopi til: